

Velkomen til fellespost for gynekologi, auge og ortopedi

Lurer du på noko kan vi kontaktast på telefon:

Avdelinga: 70 10 59 50
Koordinering av time: 70 10 59 54
Avdelingssjukepleiar: 70 10 59 57



Informasjon

Døgnrytme ved fellesposten

Avdelinga er ein fellespost for pasientar med gynekologiske lidningar ortopediske lidningar og augelidningar. Gynekologiske dagkirurgiske pasientar er også hjå oss. Rutinane for dei ulike pasientgruppene er ulike, og der er eigne rom for kvar gruppe. Vi har flest 3-sengs rom, men og nokre einerom. Det er toalett på alle romma og der er to dusjar i korridoren.

Måltid :

Frukost : Ca. 08.30

Formiddagsmat: Ca. 12.00

Middag : Ca.16.00

Kvelds : Ca. 20.00

Maten vert servert på brett, ferdig tilberedt frå hovudkjøkkenet. Kveldsmaten kl. 20.00 er sjølvbetjent i daglegstova. Vi har kaffi, te og anna drikke på ei vogn i korridoren ved avdelinga sitt kjøkken, der du til ei kvar tid kan forsyne deg sjølv.

Vaktskift og overlapping :

Pleiepersonalet har ca 15-30 min overlapping ved vaktskifta. Vaktskifta er fra 07.15 til 07.30, 14.45 til 15.15 og fra 21.45 til 22.00.

Vi held til i 9. etasje i høgblokka og har den fineste utsikta over Borgundfjorden.



Utskriving, pasienthotell og transport

Du får samtale med lege ved utskrivning, der du samstundes mottek evt reseptar, rekvisisjonar, og anna. Det er viktig at du då spør om ting du lurar på. Etter nokre operasjonar har ein restriksjonar på til dømes bering, løfting og fysisk anstrenging. Det er viktig at du passar på dette. Dersom du etter opphaldet ved avdelinga, har behov for hjelp som heimehjelp eller heimesykepleie, evt institusjonsplass, er det viktig at du tek dette opp med personalet i god tid før heimreisa ! Veit du om behovet på førehand, ta gjerne kontakt med di eiga kommunehelseteneste for planlegging av tilbod, eller ta kontakt med oss før innlegginga. Behov for kontroll og oppfølging vurderast individuelt.

Åse Hotell kan nyttast for overnatting i forbindelse med behandling både av pasient og pårørande. Kontakt oss dersom det er aktuelt. For meir informasjon, sjå foretaket sine nettsider : www.helse-sunnmøre.no / E-post adresse: hotell@helse-sunnmøre.no

Treng du transport til sjukehuset ordnar du det hjå fastlegen din. Transport heim vurderast etter behov. Treng du drosje, nyttast Trygdeetatens kjøyrekontor i Ålesund. Dei ordnar samkjøringar og det kan difor påregnast noko venting.

Hugs at vi er her for deg ! Lukke til !

Skal du innleggast for augebehandling

Du møter i 6. etg, på auge poliklinikk for undersøking. Anten får du behandling møtedagen og kjem til avdelinga etterpå, eller du kjem til oss før behandlinga for førebuingar, som til eksempel augedråpar og informasjon. Personalet på poliklinikken vil fylgje deg til oss etter undersøkinga.

Ein treng i regelen ikkje faste før augeoperasjonar og behandlingar der narkose ikkje er naudsynt.

Legevisitt for auge pasientar :

Sjukepleiar fylgjer augepasientane ned til 6. etg, der det er legevisitt ved auge poliklinikk. Tider for dette er kl. 08.30 på tysdag og torsdag, og kl. 09.00 på mandag, onsdag og fredag. I helgane kan det variere.



Nokre praktiske opplysningar

Telefon: Det finst telefon ved kvar seng som du kan nytte gratis. Du må slå 0 for å ringe ut, men det går ikkje å ringe til mobiltelefon. Vi ber deg elles å ta omsyn til medpasientar.

Besøktid: mellom kl. 14.00-19.00. Besøk utanom desse tidene kan avtalast med personalet. Nytt gjerne daglegstua til besøk, av omsyn til medpasientar.

Parkering: Pårørende til alvorleg sjuke pasientar kan låne parkeringskort hjå avdelinga. Foresatte som og er innlagde, kan også låne kort. Augepasientar lånar hjå auge poliklinikk.

Åpningstider :

Apotek : kl. 10.00 – 16.00 (09.00 – 13.00 laurdag)

Kiosk : kl. 09.00 – 19.30 (10.00 – 19.00 laurdag, 12.00 – 19.30 søndag)

Når du kjem til behandling:

Ta med deg medisinar du nyttar, toalettsaker, evt. undertøy, morgenkåpe og inneklede, tøfler / innesko. Ta ikkje med verdisaker.

Vi minner om at Ålesund sjukehus er eit røykfritt foretak.

Gynekologisk behandling/ortopedisk behandling

Skal du innleggast til gynekologisk eller ortopedisk inngrep møter du i mottakingsavdelinga for innskriving mellom kl. 08 og 10. Deretter vert du vist til avdelinga der vi tek i mot deg. Ein av oss vil gje deg informasjon og omsyning i avdelinga, og be om nokre fleire opplysningar. Turnuslege undersøker deg og vi fylgjer deg til evt andre undersøkingar, som blodprøver, røntgen og EKG. Du kan oppleve ein del venting denne dagen. Operasjon skjer i regelen neste dag.

Legevisitt: Det vert tilstreba å starte visitten ca kl. 09.30 kvar dag. Lege og sjukepleiar kjem til deg på pasientrommet. Har du behov for samtale på einerom under visitten, vil vi ta omsyn til det. Ta kontakt med personalet for å avtale dette.

Skal du til operasjon: Etter undersøkinga vil du få informasjon om narkose/bedøving av anestesilege mellom kl. 14 og 15, og informasjon av operatør på ettermiddagen. Du vert førebudd av personalet med evt barbering, navlerens og klyster på kvelden. Du må vere fastande frå midnatt dagen før operasjonen, men du kan drikke litt vatn fram til kl. 06.00. Nattevaktene vekker deg om morgenen operasjonsdagen, slik at du får dusje. Det vert evt teke prøve av morgonurin. Du får reine sengeklede og pasientklede. Av sjukepleiar får du ordinert medisin før operasjonen.

Det er vanleg med eit opphald på oppvåkingsavdelinga rett etter operasjonen. Du vert flytta tilbake til avdelinga når du er vaken og i form til det. I dagane etter operasjonen vil vi sjå til at du får den hjelpa du treng. Det er viktig at du raskt kjem deg i aktivitet, og vi vil støtte deg i dette. Liggetida etter dei ulike behandlingane varierar. Du får informasjon om dette når du kjem til oss.

Skal du til dagkirurgisk behandling

Du møter oftast dagen før sjølve behandlinga. Du møter direkte i 9. etg, og blir motteke av personalet. Du vil bli undersøkt av lege, og personalet fylgjer deg til evt vidare undersøkingar som blodprøver, røntgen, EKG. Når alt så er klart, møter du neste morgon kl. 07.30 i 9. etg. Det er då viktig at du fastar frå midnatt, og dusjar heime før du kjem.

Som dagkirurgisk pasient får du samtale med lege dagen før / same dag, før behandlinga. Det er også vanleg med ein samtale med lege før du reiser.